

Gaular Næringshage
Steinar Sørli
6977 BYGSTAD

Dykkar ref
2006/1118

Vår ref
200700591-/SLO

Dato
12.07.2007

Tilsegn på søknad om sentrale BU-midler - Prosjekt Vikingfjorden

Vi syner til søknad frå Gaular Næringshage om tilskot til prosjekt Vikingfjorden, oversendt Landbruks- og matdepartementet av Fylkesmannen i Sogn og Fjordane 30.april d.å.

Landbruks- og matdepartementet gjev med dette tilsegn på det søkte beløpet på 150 000 kr til prosjektet over kap 1150, post 50, underpost 50.11- Sentrale BU-midler.

Landbruks- og matdepartementet ynskjer å stimulere til arbeidsmetodar og kompetansehevande tiltak som kan fremje lokal verdiskaping knytt til landbruksbasert næringsutvikling. I brev til fylkesmannsembeta i vår oppmoda departementet difor om søknader knytt til regionale utviklingsprosjekt. Med regionale utviklingsprosjekt er det meint prosjekt der kommunen ynskjer å prøve ut nye metodar eller tiltak, samt prosjekt relatert til regional utvikling/ næringsutvikling i regi av Fylkesmannen.

Prosjekt Vikingfjorden er eit prosjekt som arbeider med kultur- og naturbasert næringsutvikling i Bygstad i Sogn og Fjordane gjennom utnytting av bygda sine ressursar knytt til gardsbruka, fjell, utmark, fiskevatn og elvar. Det treårige prosjektet vart starta opp i 2006 av Gaular Næringshage, og har utvikla eit nettverk mellom 18 små reiselivsbedrifter i Bygstad. Fylkesmannen i Sogn og Fjordane peikar i si anbefaling til Landbruks- og matdepartementet at prosjektet er eit svært godt døme på korleis samarbeid og nettverk kan lyfte fram det småskala reiselivet. Ved å spele på lag har bygda teke på seg arrangement og gjeve tilbod om overnatting, servering, møtelokale og opplevingar for gjestar.

Landbruks- og matdepartementet ser av førebels rapport frå prosjektet at prosjektet allereie har gode resultat å vise til, og at det er utarbeida klare målsettingar knytt til framdrifta i prosjektet og klare milepæls mål for kvart år. Departementet ser på satsinga som eit spennande tiltak som bidreg til å definere landbruket breitt, og syne korleis landbruket sine ressursar bidreg til småskala næringsutvikling i bygdene.


Som ein føresetnad for tildelinga vektlegg departementet at det skal vere mogleg for andre fylker og kommunar å dra nytte av dei erfaringane som vert hausta gjennom dette prosjektet.


Ved misleghald av vilkåra i dette brevet eller ved å gje opp feil opplysningar vil tildelinga heilt eller delvis kunne bli trekt tilbake, og utbetalte midlar kravd tilbakeført. Det vert teke atterhald om åtgang for departementet og Riksrevisjonen til å setje i verk kontroll med opplysningane som er gjevne og at midlane vert nytta etter føresetnadane.

Løyvinga vert utbetalt etter at vi har motteke ei skriftleg utbetalingsoppmodning. 10 % av tilskotet kan haldast tilbake til det ligg føre rapport og revisorbekrefta rekneskap for bruken av midlane.

Landbruks- og matdepartementet ynskjer lukke til med det vidare arbeidet med prosjektet!

Med helsing


Frøydis Vold (e.f)
ekspedisjonssjef


Siri Lothe
førstekonsulent

Kopi:

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane
Statens landbruksforvaltning
Riksrevisjonen